



Meland kommune er ein del av Nordhordlandsregionen og nabokommune til Bergen. Kommunen opplever sterk folkevekst og har eit innbyggjartal på ca. 8.000. Det er god kollektivtransport til/frå Bergen med hurtigbåt eller ekspressbuss, og reisetida frå Bergen til kommunesenteret Frekhaug er under 1/2 time.

For å løyse og utvikle alle dei ulike oppgåvene kommune er tillagt treng vi engasjerte og kompetente medarbeidarar - som vil oppleve at arbeidsoppgåvene og bidraget deira er meningsfylt og del av eit viktig samfunnsoppdrag. Meland kommune har ei verdimelessig forankring som kjem til uttrykk gjennom visjonen vår "Eit samfunn for alle".

Leiar for teknisk drift og vedlikehald - 100% fast stilling

Stillingsinformasjon

Ved tenesteområdet Plan, utbygging og kommunalteknikk er det ledig fast stilling som leiar for drifts- og vedlikehaldsavdelinga frå 01.11.2017. Avdelinga har ansvar for drift og vedlikehald av veg-, vatn- og avlaupsnett, kyrkjegarden og alle kommunale bygningar og bustader, medrekna vaktmeistertjenester og reinhald.

Arbeidsplass

Sjølve tenesteområdet omfattar om lag 45 tilsette, der 25 medarbeidarar har oppgåver innan teknisk drift og vedlikehald. Avdelinga er delt i tre stasjonar med kvar sin oppsynsmann eller fagleg leiar; veg- vatn- og avlaupsanlegg og kyrkjegard, kommunale bygg og reinhald. Dei tre stasjonane praktiserer eit omfattande tverrfagleg samarbeid, og er aktiv i interkommunale nettverk. Det er gjort vedtak om kommunesamanslåing med Radøy og Lindås frå 2020, noko som vil forsterke eit allereie robust fagmiljø i regionen.

Meland kommune er i sterk utvikling. Eit aktivt næringsliv og gode kommunikasjonar til Bergen med snøggbåt, ekspressbuss og E39, gjer kommunen svært populær som bustadkommune.

Arbeidsoppgåver

Oppgåvene omfattar koordinering og leiging av teknisk drift og vedlikehald, med økonomiansvar, personalansvar, fagleg ansvar, miljøansvar, teknisk beredskap og utviklingsansvar. Ei viktig oppgåve framover er å ta i bruk fleire elektroniske verktøy. Teknisk drift og vedlikehald samarbeider elles tett med faggruppe Utbygging og eigedomsforvaltning, som m.a. handterer investeringsoppgåvene, diverse temaplanar, standarder, generell saksbehandling og utleige av kommunale bustader. Leiar for drifts- og vedlikehaldsavdelinga sorterer direkte inn under Sektorsjef teknisk.

Kvalifikasjonskrav

Vi søker deg som har relevant erfaring frå leiging og koordineringsarbeid innafor kommunalteknisk sektor. Gjerne med utdanning innan ingeniørfag - bygg og anlegg. Anna utdanning i kombinasjon med relevant erfaring kan vurderast. Du må vere god på dialog og samtidig opptre med mynde.

Vi vil legge vekt på at den som får stillinga

- Arbeider effektivt og systematisk
- Har solid kjennskap til regelverket innan teknisk sektor
- Handterer elektronisk saksbehandlingsverktøy
- Har positiv tilnærming til oppgåvene
- Er kontaktskapande og samlande
- Likar publikumskontakt
- Legg vekt på god service
- Har god framstillingssevne
- Har gode referansar
- Er lojal

Vi tilbyr

Interessante oppgåver
Fleksibel arbeidstid
Godt og tverrfagleg arbeidsmiljø
Løn etter avtale
God pensjonsordning

Søknad vert å sende

Søknad skal sendast via vårt elektroniske søknadssystem.

Rettkjende kopiar av vitnemål og attestar skal takast med ved eventuelt intervju.

Søknadsfrist 14.09.2017

Utlyst dato 29.08.2017

Vårref

704/17

Kontaktperson

Anny Bastesen, Sektorsjef teknisk, mobil: 40038893, anny.bastesen@meland.kommune.no